



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Label_Behandlende enhet: Label_Saksbehandler/L_telefon: L_Vår referanse: L_Deres referanse: L_Vår dato:
Olav Lofthus / 55516212 19/125422-1 04.06.2019

Utlysing – masseoverskot E16 og Vossebanen Arna–Stanghelle

I samband med planlegging av fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna–Stanghelle, vil Statens vegvesen (SVV) og Bane Nor (BN) med dette orientere Dykkar kommune om at det no er mogleg å melde interesse for steinmassar. Samla masseoverskot i prosjektet er i storleik 10 mill. m³. Utlysinga er ein del av planarbeidet, der det er viktig å finne mest mogleg samfunnsnyttig bruk av steinmassane. Vi trur då at dette mellom anna kan gjelde planar for sjønære areal til by-/tettstad-/næringsutvikling i kommunal regi. Det vert lagt opp til at vesentlege deler av masseoverskotet kan fraktast på sjø direkte til mottakar, men frakt på land kan også vere aktuelt.

I første omgang ynskjer SVV/BN å inngå *intensjonsavtalar* med private og offentlege interessantar som melder seg. Eitt kvalifikasjonskrav i utlysinga er at interessent ynskjer å kjøpe/overta minimum 100.000 m³ tunnelstein.

Vi viser til utlysinga på våre nettsider for nærare informasjon og kontaktinfo:
<https://www.vegvesen.no/Europaveg/e16banearnastanghelle/tunnelstein>

Vi håpar De finn dette interessant og tek kontakt.

Med venleg helsing

Gunnar Söderholm
Prosjektleder

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.

Postadresse Telefon: 02030
Statens vegvesen
506M300003M300009M300295M300296Mfirmapost@vegvesen.no
Postadresse
Postnummer Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50

Treng du tunnelstein?

FELLESPROSJEKTET

2019



Statens vegvesen og Bane Nor inviterer private og offentlige aktører til å melde interesse for inntil 10 mill. kubikk overskotsstein fra fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle

Etatane ønsker å gå i dialog med ein eller fleire aktører i arbeidet med å finne mest mogleg samfunnsnyttig bruk av steinmassane. I første omgang vil det bli inngått intensjonsavtalar der partane er samde om å forhandle om ein endeleg avtale når plansituasjon og finansiering er avklara for begge partar. Eitt kvalifikasjonskrav i utlysinga er at interessent ønskjer å kjøpe/overta minimum 100.000 m³ tunnelstein.

Prosjektet ligg inne i Nasjonal transportplan 2018–29 med oppstart etter 2024. Før godkjent plangrunnlag og fullfinansiering er på plass kan ein i dag likevel ikkje seie eksakt når anlegget vert gjennomført og massane er tilgjengelege.

Uttak av stein frå anlegget vil mest truleg pågå over ein periode på rundt fire-fem år.

Meir informasjon om masseavhendinga, døme på intensjonsavtale, og skjema for innsending av interessemelding kan lastast ned her:

www.vegvesen.no/Europaveg/e16banearnastanghelle